Nabovarsel sendt for slamavskiljarane

16.05.2008



Slik blir servicebygga for slamavskiljarane.

Asplan Viak har no sendt ut nabovarsel for dei to slamavskiljarane som skal byggjast i Uskedalen – på Korsnes og Børnes.

Det er lagt til grunn at det vil bli rundt rekna 400 personar tilknytta avløpsanlegget på Korsnes og 865 tilknytta anlegget på Børnes. Slamavkiljarane blir av vanntett betong og vil ikkje vera synlege, opplyser konsulenten.

Det blir lagt nye kummar, og vatn- og avløpsleidningar rundt reinseanlegget.
På Korsnes blir det reinsa avløpsvatnet sluppe ut til eksisterande sjøleidning medan Børnes får ny sjøleidning.